



Hordaland fylkeskommune Kultur- og idrettsavdeling
Postboks 7900
5020 BERGEN

Ikkje publisert på Internett Internet

Vår ref.
16/44-17/N - 258/MARS

Dykkar ref.

Dato:
24.05.2016

Den kulturelle spaserstokken 2015 - rapport frå Kvam herad

Kvam herad fekk kr 104 000 i tilskot til Den kulturelle spaserstokken i 2015.

Vedlagt ligg utskrift frå rekneskapet som viser bruken av tilskotet, ført på K110. I tillegg til tilskotet frå Hordaland fylkeskommune kr 104 000, har og eit fellesprosjekt vi fekk kr 70 000 til friluftslivets år for eldre (samarbeid mellom Kvam, Samnanger, Os og Fusa)vorte ført på denne koden, der Kvam herad fekk kr 17 500 til markeringa.

Rekneskapet til DKSS har vore merka med eigen kode, K110, men det har i tillegg vorte ført 3 tilskot på K030 som skulle vore ført på K110. Dette gjeld 2 overføringar til Ernst Rykkje og 1 overføring til Arne Mørck (Totalt kr 11 300), samt ein konsert med Arvid Åsprang kr 18 924 er ført på K011, men skulle vore på K110. Vedlagt ligg kopi av rekneskapet. Ta gjerne kontakt om de lurar på noko. Vi ser at alle utgifter skulle vore ført på K110, og beklagar at det har vorte ført på 3 ulike kodar. I 2016 legg vi vekt på å føra alt på same kode.

Vedlagt ligg og vedtak som vart gjort om tildelingar/prosjekt.

Tilskotet Kvam herad har fått frå Hordaland fylkeskommune har vore brukt til å gje eldre i Kvam varierte kulturopplevingar, av høg kvalitet. Vi har samarbeidd med Hardingtonar, Kinckdagane, Bygdalarm, Bygdagnist og ulike kunstnarar/utøvarar, alt frå kor, musikkgrupper, grammofonutstilling mm. Dette har gjeve mange og nyskapande opplevingar for eldre, alt frå konsert i Kabuso under Bygdalarm («Gamlislarm»), til «Storeteigen seniortek» på Kvam bygdemuseum i samarbeid med Bygdagnist. Kor har hatt turnè med lokale songar (nytt hefte kalla Kvammasongen).

I tillegg til tilskotet, har Kvam herad nytta egne lønsressursar til planlegging og gjennomføring av arrangementa. vi får svært mange og gode tilbakemeldingar på arrangement knytt til Den kulturelle spaserstokken, særleg frå institusjonar, der eldre ikkje har høve til å delta på det lokale kulturlivet utanfor institusjonane.

Kvam herad takkar for tilskotet, og ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Helsing

Mary Ann Sørheim
Kulturkonsulent
Telefon: 56556906

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune Kultur- og idrettsavdeling Postboks 7900 5020 BERGEN

Vedlegg	Tittel
24.05.2016	Kulturell spaserstokk 2015 - Åsprang
24.05.2016	Rekneskap DKSS Kvam 2015
24.05.2016	Den kulturelle spaserstokken 2015